



Møre og Romsdal fylke



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

ORIENTERING OM SKULESKYSS - sjå elles www.mrfylke.no

Møre og Romsdal fylke syter for dagleg skyss eller yter skysstilskot til elevar som er heimehøyrande i fylket og som går i vidaregåande skule dersom dei;

1. Har minst 6 km gangavstand bustad - skule, kortaste veg.
2. Er funksjonshemma/skadd og har attest frå lege om at dei treng skyss.
3. Må reise med ferje.

Det går bussruter til og frå Volda på strekningane Sæbø - Åmdal - Ørsta - Volda, Barstadvik - Ørsta - Volda, Austefjorden - Volda, Innselset - Lauvstad - Volda og Bjerknes - Volda. Det er også mogleg med dagleg pendling (med rutebuss) på strekninga Fiskå - Volda og Bjørkedalen - Volda. Det er også bussruter til ytre Sunnmøre om Eiksundsambandet.

Elevar under 19 år som etter skyssordningane ovanfor kan bu heime, får ikkje bustønad frå Statens Lånekasse dersom dei ikkje bur over 40 km frå skulen eller vil få ei reisetid på over 3 timar samanlagt og derfor vel å bu heimanfrå.

Elevar som bur meir enn 6 km frå skulen og der det ikkje er rutesamband, kan søkje om tilskot til eigen skyss. Nærmare opplysningar om dette får du på kontoret på skulen.

Skulekorta vert utferda for eitt skuleår og gjeld:

- Reiser mellom heim og skule
- 1 reise per skuledag, kvar veg, med eventuell overgang (i enkelte ruteselskap har dei

avgrensingar for kva avgangar du kan bruke, eller tidsavgrensing for når kortet er gyldig). Kortet gjeld ikkje for reiser i helgar og feriar.

Vi bed alle som skal ha legitimasjonskort for skuleskyss, om å fylle ut og sende skjemaet attende til skulekontoret snarast, **saman med eit bilete**. Hugs namn bak på biletet.

Fyll ut og klipp her: <.....>

BUSS/FERJE (Stryk det som ikkje høver)

Namn:..... Fødselsdato/år.....

Adresse:.....

Påstigingshaldeplass ved heimen:

Hugs bilete med namn på baksida!
Send eller lever så snart du kan, så vert kortet klart tidleg i skuleåret.